

Vellyd for jol og nyttår

CD: Sigmund Groven og Iver Kleive har endeleg funne tonen saman, i studio. Resultat: Vakker musikk.

Sigmund Groven har vore vår leiande munnspelevirtuos sidan 60-talet.

Iver Kleive har briljert over tangentar og pedalar på store kyrkjeorgel i fleire tiår. Ikkje minst har han vore mykje brukt under Vossa Jazz.

Når verdas minste og verdas største musikkinstrument no kling saman på ein heilt fersk cd – kalla «harm-Organ» – er det difor i ein merkeleg kombinasjon av det elementært enkle til det majestetisk monomumentale.

– David mot Goliat, konstaterer Groven sjølv i det medfylgjande heftet inne i cd-plata. Der opplyser han og at dei to kunstnarane har samarbeidd i ulike samanhengar gjennom 30 år, også i studio, men at dette er første plate for duoen åleine.

Musikken er henta frå høgst ulike kjelder. Kleive har alltid vore glad i Johann Sebastian Bach, og den gamle meister er sjølv sagt representert, det same er Händel. Men i tillegg har begge instrumentalistar bidrege med eigne komposisjonar.

Klassikarar frå tradisjonsmusikken som «I Himelen» og «Myllargutens bruremarsj» får også utsøkte tolkingar, der munnspelet surfar elegant over eit hav av orgelbrus.

For denne meldar er likevel den avsluttande «sviska» Vårsøg den aller vakraste. Henning Sommerro laga truleg eit musikalsk bidrag til æva då han tone-sette Hans Hyldbakk sitt vakre dikt med same namn. På Sigmund Groven sitt repertoar har «Vårsøg» vore eit fast innslag gjennom fleire tiår. Men kanskje har me aldri høyrte melodien koma betre til sin rett enn her – med Ivar Kleive sine enkle men uttrykksfulle orgeltonar i botnen.

Verkeleg ein cd å ha over anlegget når du om ei veker tid skal oppsummera det forgangne år – og leggja gode planar for det nye år.



ROLF TEPSTAD | tekst
rte@avisa-hordaland.no